

Reguleringsføresegner

Reguleringsplan for Nesbø hellegneissone, Granvin – detaljregulering

Føresegner i samsvar med plan- og bygningslova § 12-5. Føresegnene er knytt til plankart av 31.10.16 i samsvar med vedtak av 21.03.18 og gjeld for det området som er synt med plangrense.

1 Reguleringsformål

1.1 Arealformål

Busetnad og anlegg (pbl.§12-5. Nr 1)

- Steinbrudd og masseuttak (1201)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl.§12-5. Nr 2)

- Køyreveg (2011)
- Gang- og sykkelveg (2015)
- Anna veggrunn – teknisk (2018)
- Anna veggrunn – grønt areal (2019)

Grønnstruktur (pbl.§12-5. Nr 3)

- Vegetasjonsskjerm (3060)

Landbruks-, natur- og friluftsføremål, samt reindrift (pbl.§12-5. Nr 5)

- LNF (5100)
- Kombinert føremål (5900)

Omsynssone (pbl § 12-6)

- Frisiktsone
- Fareområde – skred
- Føresegnområde (bestemmelsessone)

2 Felles føresegner

2.1 Utforming av tiltak

2.1.1 Driftsplan

Uttaket skal følge ein etappeinndelt driftsplan godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen skal til ei kvar tid vere godkjent av Direktoratet og skal vanlegvis ajourførast kvart 5. år eller etter nærare avtale med Direktoratet.

2.2 Rekkjefølgje, jf PBL § 12-7 nr 10

2.2.1 Avkjørsel

Før igangsetjing av masseuttak skal avkjørsla ved Moe utbetrast. Utforming og sikt-tilhøve skal tilfredsstilla Statens vegvesen sine krav.

2.2.2 Driftsoner

Drifta blir delt opp i to soner, #3 og #4, sjå plankartet. Det skal først takast ut masser i #3 før ein kan starte drift av sone #4. I overgangen av drift frå sone #3 til #4, kan ein starte drift av #4 før sone #3 er fullt ut avslutta og satt i stand etter pkt. 3.1.1, slik at drifta kan skje fortløpande. I den grad det er gjortferdig uttak av massar innan den einskilde uttakssone, skal områda setjast i stand fortløpande, jf. pkt. 3.1.1 første punkt siste setning. I overgangen av drift mellom sone #3 og #4 skal endeleg istandsetting av sone #3 vere ferdig innan eitt år etter at drifta av sone #3 er ferdig, jf. prinsippet i pkt. 3.1.1 F.

2.2.3 Rensetiltak

Før uttak av fjell skal renseparken nedanfor driftsområdet være etablert og første omgang med vassprøver i overvåkingsprogrammet skal være teke og analysert.

2.2.4 Habitat for flaggermus

Før ordinær drift igangsetjast skal delar av tunnelsystemet på den gamle jernbanetraséen ved Skjervet stengjast for å gje betre forhold for flaggermus. Det skal utførast avbøtande tiltak i tunnelar for å sikra flaggermushabitat, jf. artikkel III pkt. 2 i *Avtale om bevaring av flaggermus i Europa* :

- Tiltakshaver skal mura igjen deler av tunnelsystemet på den gamle jernbanetraséen ved Skjervet før ordinær drift igangsetjast. Dette skal skje i dialog med heradet og etter anvisningane i rapport frå Michaelsen Biometrika AS, datert november 2017.
- Avstengd sidetunell og luftesjakt skal avsetjast til flaggermushabitat.

3 Arealformål

3.1 Busetnad og anlegg, jf PBL § 12-5 nr 1

3.1.1 Steinbrudd og masseuttak, jf PBL § 12-7 nr 1

SBM1-4 er regulert til steinbrot og masseuttak.

Maksimal tid frå oppstart til avslutning av drift er 20 år.

Maksimalt uttak i heile driftsperioden er 700.000 m³ fast fjell.

I området er det tillate mellombels etablering av bygningar og andre anlegg som er naudsynte for drifta, t.d transportband, siloanlegg, knuse- og sorteringsverk,

oppstillingsplassar for køyretøy og utstyr og liknande. Alle bygningsmessige anlegg krev søknad i medhald av plan og bygningslova og tilhøyrande forskrifter.

I driftsperioden skal dei delane av masselageret og masseuttaket som kan medføre fare for menneske eller husdyr, haldast forsvarleg sikra.

Området skal setjast i stand fortløpande etter som drifta av delar av massedeponiet eller masseuttaket vert avslutta.

A. Støv, jf PBL § 12-7 nr 3

Støvflukt frå anlegget skal avgrensast ved bruk av vatning.

Tiltak for støvflukt skal setjast i verk umiddelbart dersom det oppstår støvflukt frå anlegget som er til skade og sjenanse for naboar. Nedfallsstøv frå lagring eller produksjon målt ved grensa av reguleringsføremålet skal ikkje på noko tidspunkt overstiga 5 g/m² pr 30 døgn.

B. Støy, jf PBL § 12-7 nr 3

For å skjerma mot støy og innsyn skal det etablerast vollar med tilstrekkeleg høgd.

Voll ved mellomlagingsområdet skal stellast til på ein landskapsmessig forsvarleg måte.

Støy skal ikkje overstiga krava som er sett i støyvurderingsrapport, jfr. Rapport utarbeide av SWECO: «Masseuttak «Såkvitnehagane, Øvre Granvin», datert 24.04.2013, pkt 3. Støygrenser.

Det skal gjerast oppfølging av støynivå undervegs, ved høve.

C. Handtering av overvatn, jf PBL § 12-7 nr 2

Overvatn og sigevatn frå området skal takast hand om. For å redusera miljøpåverknaden for nærliggjande vassdrag skal følgjande tiltak etablerast:

- Overvatn i definerte bekkeløp gjennom uttaksområdet og grøfter langs LNF3 skal føres utanom eller gjennom uttaksområde i drift på ein slik måte at vatnet ikkje er i kontakt med driftsareal eller er utsett for avrenning herfra. Nedstrøms skal vatnet føres inn i sitt ophavlege løp. Vassføring skal kontrolleres på synfaring med planmynde.
- På avslutta driftsområde skal bekkeløp gjenetablerast så vidt mogleg i si ophavlege løp.
- Det skal etableres eit overvåkingsprogram med minimum følgjande prøvepunkt (6 totalt): 1: ved utløp av #1, 2: Ved utløp av #2, 3: bekkeløp 1 ovanfor driftsområde, 4: bekkeløp 1 nedanfor driftsområde 5: bekkeløp 2 ovanfor driftsområde 6: Bekkeløp 2 nedanfor driftsområde. Sjå notat om overvasshandtering og overvåking.

D. Driftstider, jf PBL § 12-7 nr 2 og 3

Driftstid i anlegget er kl. 0700-1600 på kvardagar, måndag-fredag, med moglegheit for lasting av murstein og ferdigvare fram til kl. 19.00. Laurdag er det tillate med transport og lasting av massar kl. 0700-16.00 Boring, sprenging, pigging og knusing er berre tillate måndag -fredag 07.00-16.00. Drift er ikkje tillate søndag og helgedagar. Full stopp (2+2 veker) i fellesferien

E. Omfang og oppfølging av drift, jf PBL § 12-7 nr 2 og 3

Uttaksområdet kan til ein kvar tid ikkje nytte meir enn 3 tilstøytande pallflater/pallkanter på same tid. Ved drift skal tiltakshaver gjennomføre synfaring med reguleringsmynde 1 gang per mnd, der det vert skreve referat. Manglande synfaring vil føre til pålegg om stans i drifta.

Det skal takast omsyn til eventuell verknad på nærliggjande eigendomar frå drifta. Med utgangspunkt i undersøkingsplan, datert 20.03.2017, skal følgjande tiltak etablerast for å dokumentere faktiske forhold:

- Det skal utførast vibrasjonsmålingar for å dokumenterer vibrasjonsstyrke og fastsetje den reelle fjellfaktoren (k) ved nærliggjande eigendomar under oppstartsfasen av regulær drift ved Nesbø hellegneissone.
- Dersom vibrasjonsstyrken overskrider gjeldande grenseverdier i Norsk standard (NS 8141:2001) for dei aktuelle grunnforholda og den aktuelle arealbruken, skal ein i tillegg utføre geoteknisk

vurdering av grunnforholda, der det vert dokumentert potensiale for uforsvarleg påverknad frå drift ved Nesbø hellegneissone ved kringliggjande eigedommar.

Ved manglande oppfylging av føresegner/vedtak i reguleringsplan vil det føra til krav om stans i arbeidet.

F. Avsluttande arbeid, jf PBL § 12-7 nr 3

Området regulert til masseuttak skal etter avslutta uttak setjast i stand og nyttast til LNF (Landbruk-, natur- og friluftsføremål) område. Alle istandsettingsarbeide skal gjennomførast innan eit år etter at feltet er ferdigdrevet. Avslutta areal skal dekkas heilt med –fortrinsvis stedlege – jord og grusmasser på pallflaten og tilplantas/såast med stedlige arter.

Drifta skal vera avslutta og heile området skal vera avvølt og rydda seinast 20 år etter at reguleringsplanen er vedteken.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, jf PBL § 12-5 nr 2

3.2.1 Køyreveg, jf PBL § 12-7 nr 1

V01 er regulert til veg for anleggstrafikk. V02 er eksisterande skjervavegen.

V01 skal opparbeidast som vist på plankartet i samsvar med tekniske planar godkjent av rette myndigheit.

Køyrevegen V01 er regulert med ei reguleringsbreidde på 8 m.

Det er tillate å etablere mellombels veg for tilkomst til masseuttak og skogbruksområde.

3.2.2 Gang- og sykkelveg, jf PBL § 12-7 nr 1

Området G/S 01 er regulert til gang- og sykkelveg. Veggen må sikrast med ein fartsreducerande bom som skapar tryggleik i møte mellom G/S 01 og V01.

3.2.3 Anna veggrunn – grøntareal, jf PBL § 12-7 nr 1

På AVG1-4 kan det etablerast overvassgrøft og rensedam. Vatn frå grøft nedan for uttaksområdet skal leiast til rensedam i #1 og #2

3.2.4 Anna veggrun teknisk, jf PBL § 12-7 nr 1

AVT1-4 er sideareal i tunnellene på f_V2.

3.3 Grønnstruktur, jf PBL § 12-5 nr 3

3.3.1 Vegetasjonsskjerm, jf PBL § 12-7 nr 1

VS1-7 er vegetasjonsskjerm som skal hindra innsyn til område bak/ovanfor.

A. Skjøtsel og drift, jf PBL 12-7 nr 9

All vegetasjon i VS1-7 må skjøttast slik at innsyn til uttaksområdet vert minst mogleg. Som utgangspunkt skal det ikkje gjerast inngrep i vegetasjonen i området.

3.4 Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift, jf PBL § 12-5 nr 5

3.4.1 Landbruks-, natur- og friluftsføremål, jf PBL § 12-7 nr 1

LNF1-4 er områder det eksisterande bruk skal fortsette.

A. Traktorveg – LNF3, jf PBL § 12-7 nr 2

Det endres på linjeføring. Vegen kan flyttes innfor SBM1-4. Vegens funksjon skal erstattes med tilsvarende tilkomst. Vegen skal som utgangspunkt være tilgjengeleg som før omlegging med unntak av stenging ved drift av omsyn til tryggleik.

3.4.2 Kombinerte formål, jf PBL § 12-7 nr 1

LNF/V1-2 er kombinert LNF/vegetasjonsskjerm.

A. Skjøtsel og drift, jf PBL § 12-7 nr 9

I LNF/V1-2 kan det lagres overflatemasser, men dette må gjerast utan skogen tar skade. Skogen i LNF/V1 må skjøttast slik at innsyn til uttaksområdet vert minst mogleg. Fornuftig skjøtting av skogen er å unngå total avskoging av fjellsida, å unngå hogst som skapar potensielle skredløp og nyplanting ved uttak av hogstmoden skog. Hogst skal utførast etter plan utarbeidd av fagkunnig.

4 Omsynssoner, jf PBL § 11-8 jf 12-6

4.1 Sikringsone – frisikt, jf PBL 11-8 a

Innanfor frisiktsona ved vegkryss tillet ein ikkje sikthindrande gjenstandar høgare enn 50 cm over vegbana. Frisiktsona er regulert til 45 m.

4.2 Andre sikringssoner, jf PBL 11-8 a

I ein avstand på 10 m til kvar side for tunnellaupet er det lagt restriksjonar på bruk av areal i høve til tunnellaupet. Tilsvarende er det lagt inn restriksjonar med sikringssoner over og under tunnellaupet, på 20 m, jf. teikningsforklaring.

4.3 Faresone- Ras og skredfare, jf PBL 11-8 a

Faresone for ras og skred, omfattar skravert område på plankartet.

H310_1 synar faresonegrense for steinsprang, sannsyn 1:100

H310_2 Synar faresonegrense for steinsprang, sannsyn 1:1000

Følgjande tiltak skal etablerast:

-Anleggsvegen må sikrast innfor det skraverte området.

-Reinsk av blokker jfr. skredfarevurdering, 19.02.2016, innan ei sone på 5 meter.

-Skredvoll ovanfor planlagd område for brakkerigg.

4.4 Føresegnområde (bestemmelsessoner), jf PBL § 12-7

4.4.1 Føresegnområde #1 og #2, jf PBL § 12-7 nr 1

I føresegnområde #1 og #2 skal det etablerast renseseparker med sedimentasjonsdam, to våtmarksfilter og et singelfilter ved utløp etter prinsipp vist i rapport FORSLAG TIL RENSEPARK I NESBØ HELLEGNEISSONE (09.08.16).

4.4.2 Føresegnområde #3 og #4, jf PBL § 12-7 nr 2

Føresegnområde #3 og #4 tilsvarar driftstrinn 1 og 2 som er vist i planomtalen. Etter avslutta drift vert formålet endra til LNF.